

# Med NTF gjennom okkupasjonsåra

Kampen mot nazifisering av landet, organisasjonane og NTF spesielt

 PENSJONERT TANNLEGE VIGLEIK FRIGSTAD

**D**en Norske Regjeringa sammen med Kronprinsen og Kongen forlet landet den 7. juni 1940 for å føre krigen vidare frå Storbritannia og den 10. juni kapitulerte general Ruge på vegne av den norske 6. divisjon til tyskarane i Nord-Norge.

Sidan Konge og Regjering måtte ryme nordover etter invasjonen den 9. april, fann Høgsterett den 15. april det nødvendig å utnemne eit råd av embetsmenn, som fekk namnet *Administrasjonsrådet*. Det skulle ta over administrasjonen av dei områdene av landet som var okkupert. Men det skulle ikkje gå mange dagane før Hitler viste kva for plan han hadde for vårt land. Den 18. april utnemnde han Joseph Terboven\* til *Reichskommissar für die besetzten norwegischen Gebiete* med fullmakt til å ha ansvar for det sivile og politiske styret av landet. Han var bare ansvarleg mot Hitler personleg.

Den 25. september 1940 heldt Terboven ein tale til det norske folk over norsk radio, der Administrasjonsrådet blei avsetta og det blei utnemnt *kommisariske* statsrådar eller konstituerte statsrådar, som var namnet dei sjølv helst brukte. Flesteparten var medlemar av *Nasjonal Samling* (NS), Quislings parti, men noen var upolitiske. Frå nå av var NS det einaste tilletne parti. Frå 1. januar 1941 opphørde det folkevalde lokalstyret i kommune og fylke. Nå skulle det utnemnest ordførar og eit lokalt styre etter førarprinsippet. Planen var å utnemne medlemar av NS, men det tok tid

sidan partifolk var sjeldsynte det første året, men medlems-talet auka kraftig dei første åra.



Joseph Terboven

Quislings idé var å styre landet med eit *Riksting* utnemnt av dei ymse foreningar og lag som Bondelaget og Fiskarlaget og vidare arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane, men overtakinga blei mislykka. Konstituert statsråd Hagelin i Innenriksdepartementet inviterte leger, tannleger,

sjukepleiarar, sjukegymnaster, apotekarar, farmasøytar og jordmødre til å vere med i eit *Sanitets- og hygienelaug*. Men alle takka nei.

## Neste gruppe som skulle overtakest var idretten.

Den 21. november 1940 skreiv kommisarisk statsråd Axel Stang i *Idretts- og Arbeidstenestedepartementet* under på ei *Forordning* om norsk idretts organisasjon. All norsk idrett skulle frå nå av vere med i *Norges idrettsforbund*. Svaret på dette blei full streik. Den skulle vare heilt fram til freden

i 1945. Det blei halden mindre illegale\* stemner ut over i landet, og NS heldt ein del stemner for sine tilhengjarar, men det var lita tilsutning til desse.

Frå eit kontor under konstituert statsråd Hagelin i Innenriksdepartementet, gjekk det ut informasjon den 15. februar 1941 om at frå nå av ville det ved tilsetting i nye stillinger i offentleg teneste i kommuner eller fylker bli lagt avgjerande vekt på medlemskap i NS. Tenestemannsorganisasjonen reagerte raskt og ville sende protestbrev til Terboven. På dette tidspunktet var det litt ulike meiningar i foreningane om nytta av å sende eit skarpt protestbrev, eller mjukare brev om forhandlingsvilje.

### Protestbrev blir sendt

Resultatet blei å sende protestbrev til Terboven den 3. april med underskrifter av leiarane i 22 organisasjonar, derimellom NTF. Eit nytt protestbrev blei sendt til Terboven den 15. mai, nå med underskrift frå 43 organisasjonar, som representerte omkring 700 000 medlemmar. Det tok litt tid med reaksjon frå Terboven, men den 18. juni slo han til i full tyngde. Då blei alle underskrivarane innkalla til møte i Reichkommisars kontor i Stortingsbygningen, som var rekvirert av Reichskommisar. Det var ein rasande Terboven som tala til denne forsamlinga, og seks av underskrivarane ba han kome fram til seg, og dei blei arrestert og ført ut. Etter Terbovens tale kom konstituert stasråd Hagelin fram. Han hadde fått samtykke av Reichskommisar for «Forordning for foreninger,» datert 17. juni 1941. Nå skulle alle foreningar bli leidd etter krava i den nye politiske politikkk. Av dei framømte foreningane blei elleve nedlagt på flekken. 26 foreningar fekk kommisarisk leing, Kommisarane hadde møtt fram, og sammen med dei avgåande tillitsvalde gjekk dei rundt i Oslo og tok over i kontora..

### Motstanden går frå open til hemmeleg

Det som nå hende var at medlemsmassen i dei mange foreningane melde seg ut av sine lag, eller let vere å betale kontingent. Såleis meldte 80 prosent av legane, tannlegane og sakførarane seg ut or foreningane i slutten av august, og noe seinare 90 prosent\*

Etter denne hendinga var det klart at skulle du nå kome ut med parolar om motstand mot nazifisering av samfunnet, måtte det skje illegalt. Sindige personar, som mellom anna Høgsterettsjustitiarius Paal Berg og direktøren for Statistisk sentralbyrå, Gunnar Jahn med fleire, skipa ei illegal anti-NS-gruppe som fekk namnet *Kretsen*. Men det blei

snart klart at skulle du kunna motverke flaumen av nazistisk propaganda, måtte du ha ein sentral organisasjon som var i stand til å få ut parolar til det norske folk raskt, slik at det kunne bli ein samla aksjon. Å stå imot enkeltvis mot trugsmål om fengsling og økonomi var ikkje så lett. Det tok litt tid å få organisert ein slik organisasjon, men rett over nyttår 1942 var den klar. Den fekk namnet *Koorganisasjonskomiteen*, eller *KK* som den seinare blei kalla. I starten var den sammensett av to legar, tre lærarar, to juristar, to prestar og ein ingeniør. Seinare blei den utvida, og etter at noen blei arrestert, eller måtte ryme til Sverige eller England måtte den fornyest med nye personar.

### Kva hende i NTF?



Arne Sollund generalsekretær NTF frå 1966–1987

I 1984 kom det ut ei bok skriven av tannlege, og i ein periode generalsekretær i NTF, Arne Sollund\*, etter oppdrag frå hovudstyret i NTF. Den hadde tittel DEN NORSKE TANNLEGEFORENING GJENNOM 100 ÅR 1884–1984. I avsnittet *Krigstiden 1940–45* omtaler han det som hende i NTF

under okkupasjonen og eg vil hente mine opplysningar stort sett frå denne.

Etter frigjeringa skreiv hovudstyret ein rapport om hendingane. Der står det mellom anna: «*Da hovedstyret ble valgt på generalforsamlingen 1940, forelå det allerede henvendelse til foreningen om samarbeid med NS, særlig med henblikk på å danne et Sanitets og hygienelaug... Vidare står det... [...] vi var klar over at vi måtte søke kontakt med andre organisasjoner for så langt det var mulig å få en felles opptreden og for å få nøytralisert Nasjonal Samlings forsøk på å spille den ene organisasjon ut mot den annen... [...] Hovedstyret var enstemmig om å sette Den norske tannlegeforening, helst i samarbeid med andre organisasjoner, inn i kampen for å danne en front mot Nasjonal Samling. Sidan det var ein del offentleg tilsette skuletannleger var NTF med på protestskriva til Terboven både den 3. april og den 15. mai. [...] Mangfoldiggjørelsen av skrivelsen og underskrif-*

tene skulle finne sted i NTF's sekretariat, og den skulle leveres av sekretariatet til Reichskommissar 15.mai. Dette ble også gjort, men med litt forsinkelse idet skrivelsen først ble overlevert 17. mai. Av praktiske grunner var det 2. visepresident Erling Sannes\* og Knut Gard\* som underskrev for NTF. Eg skal ta med eit utdrag av brevet, som er utruleg langt.



Erling Sannes, medlem interimstyret alle år



Knut Gard (1905–66)  
Generalsekretær 1938–1966.  
Styremedlem FDI 1963–65,  
president 1965–til sindød

### Herr Reichkommissar für die besetzten Norwegischen Gebiete, Oslo.

Undertegnede organisasjoner for ervervslivet og for embeds- og tjenestemennene anser den utvikling og de forhold som vi nedenfor legger frem, så skjebnesvangre at vi har funnet det å være vår plikt med dette å henvende oss til herr Reichkommissar...

[...]Det var imidlertid med stor uro at det norske folk i september i fjor så i møte Nasjonal Samlings overtagelse av den ansvarsfulle oppgave som den okkuperende makt hadde betrodd partiet, nemlig under herr Reichkommissars overledelse å forestå den sivile ledelse i landet...

[...] De kst. statsråder har i en rekke tilfeller utstedt forordninger og truffet bestemmelser som er i åpenbar strid med folkeretten, norsk lov og alminnelig norsk rettsoppfatning. Særlig nevner vi de forordninger om rettsvesenet som er gitt av de kst. statsråder for Justis- og Politidepartementene. Disse forordninger har i vesentlig grad brutt ned vår lovgivnings vern om den personlige sikkerhet...

[...]Hirdens\* opptreden har ført til uro og opptøyer, og vi har opplevd at politiet har måttet forholde seg passive overfor opplagte voldshandlinger fra hirdens side i skoler, i andre lokaler og på gaten ...

[...] Vi sikter videre til de stadig gjentatte forsøk fra NS side på å tilta seg makt og rettigheter som etter vår mening ikke er hjemlet, og som umulig kan være i den okkuperende makts interesse. Vi nevner i den forbindelse at statens og kommunens tjenestemenn i stor utstrekning utsettes for sterkt press for å få dem til å melde seg inn i Nasjonal Samling, og trues med avskjed om de ikke gjør det...

[...] Vi ser også til stadighet beviser for at medlemskap i Nasjonal Samling blir tillagt avgjørende vekt ved ansettelse og forfremmelser, og at de faglige kvalifikasjoner kommer i annen rekke...

[...] Det er tydelig merkbart at alt dette innen alle leire i folket har ført til en stigende uro som i høy grad vanskeliggjør det jevne daglige arbeid og derved skader landet. Uroen og irritasjonen nærmer seg i den seneste tid forbitrelse. Vi tillater oss inntrengende å henstille til herr Reichkommissar at det så snart som mulig blir gjort svar på såvel skrevet av 3. april som på denne henvendelse.

### NTF får utnemnt kommissarisk leiar

Vi har sett at kommissarisk statsråd Hagelin etter talen til Terboven i Stortingssalen utnemnde kommissarar til å leie organisasjonane som hadde skrive under på brevet til Reichkommissar. Då blei tannlege Alex Buhs\* tilsett som kommissar for NTF, og Knut Gard avsett som generalsekretær og måtte levere frå seg nøklane til kontoret.

### Av rapporten til hovudstyret etter freden les vi vidare:

«Samme dag 18. juni 1941, ble det holdt styrekonferanse i NTF, hvor også den nyoppnevnte kommissar var tilstede. Her ble det besluttet å innkalle et samlet hovedstyre og representantskapet til et ekstraordinært møte 28. juni. Under styrekonferansen



Jacob Ramm (1890–1982)

kunne Buhs opplyse at han hadde forsøkt å oppnå hos Quisling at Gard kunne fortsette som generalsekretær, men dette var avslått. Jacob Ramm\* forteller fra dette møtet at det ble strid om hvem som formelt skulle innkalle representantskapet. Det endte med at sekretariatet fikk i oppdrag av kommissaren å gjøre dette... [...]

Det ble et fulltallig representantskap som møtte på Norges Tannlegehøyskole.

Hovedstyret hadde på forhånd blitt enig om å meddele representantskapet at hovedstyret under de nye forhold fant å måtte stille sine plasser til disposisjon. Møtet skulle innledes med at Buhs ga en redegjørelse. Presidenten meddelte at etter denne ville det bli et kvarters pause så medlemmene kunne tenke over redegjørelsen.

### **Så fekk den nytilsette kommisaren Axel Buhs ordet:**

Som kollegene har sett av dagspressen, har en del foreningen gjennom styret, respektive enkelte styremedlemmer, undertegnet en skrivelse til Reichkommisar Terboven angående visse forhold ved statsstyrelsen og Nasjonal Samling.

Med denne henvendelse har de undertegnende foreninger, etter myndighetenes oppfatning blandet seg inn i dagens politiske spørsmål og fremkalt et svar fra Reichkommisar som sikkert er anderledes enn tilsiktet ved aksjonen. Jeg anser det som sikkert at mange rent faglig ledede foreninger absolutt har vært i god tro da de gikk med på undertegnelsen av denne felles henvendelse-deri innbaffattet NTF.

Buhs leste så så opp forordningen av 17. juni 1941 om foreninger, og den beordning han hadde mottatt fra minister Hagelin, som kommisar for NTF.

Hans plan vidare var at foreninga skulle halde fram som før [...] fritt under ansvar i henhold til de gjeldende lover, til beste for våre medlemmer. Især er det ikke meningen å tvinge foreningen inn i politikken, noe parti eller lignende. Han sa frå om at han ikkje tenkte å bruke den makt han hadde fått i forordninga, men det forutsette at politikk ikkje kom på tale i foreninga. Dette vart tilbodet han kom med: [...] Hvis styret og representantskapet finner å kunne fortsette med de nye premisser, akter jeg å føre en rolig ikke-inblandingslinje. Foreningens organer skal da fortsette sitt lovlige arbeid som før, styremøter, konferanser osv., må med dagsorden på forhånd godkjennes. Foreningens utgifter av enhver art kan dekkes uten at jeg behøver å gi samtykke i hvert enkelt tilfelle. Ved alle betalinger utover den rent forretningsmessige drift samt ved større vanlige utbetalinger, må mitt samtykke foreligge.

Det skal fra sekretariatet ikke utsendes noen skrivelser uten godkjennelse, bortsett fra rent løpende ekspedisjonsmessige skriv...[...] Under disse forhold skal jeg selv love styret all den støtte jeg blir i stand til å gi. Etter anvisning fra Innenriksdepartementet skal det innsettes en tillitsmann ved alle

lokalforeninger som så igjen er ansvarlig overfor meg, Denne tillitsmann blir i hvert enkelt tilfelle utpekt av meg i samråd med de utpekte styrene.

Buhs la så fram eit utkast til ei erklæring, som han bad hovudsstyret og representantane skrive under på. Dette stod: [...] Undertegnede medlemmer av hovedstyre og representantskap er villig til å fortsette i sitt tillitshverv under de nye forhold som er oppstått i NTF etter innsettelse av en kommisarisk leder...[...] i overenstemmelse med lovene, skal NTF fortsette å virke som upolitisk og faglig standsforening i lojalt samarbeid med de til enhver tid fungerende statsmyndigheter.

### **Deretter blei det ei pause**

Etter pausen tok presidenten ordet og viste til at etter NTFs lover blei foreninga styrt av hovudstyret og representantskapet og kunne difor ikkje overlate styret til ein utnemnt kommisar av Innenriksdepartementet, og måtte difor nedlegge sitt verv. Han ba representantskapet uttale seg. Torleif Kramer\* var den første som tok ordet. Han tala til



Torleif Kramer (1881–1962)  
Æresmedlem 1945

Buhs som «mann til mann» og viste til at dei hadde kjent kvarandre frå han kom til landet og i 20 år frametter. Han la vekt på at representantskapet ikkje hadde fullmakt til å skrive under på den framlagte erklæringa, og ba han som gammel foreningsmann forsøke å påverke rette vedkomande til å la NTF halde fram med sitt arbeid som før. I sitt svar

sa Buhs at han alt hausten 1940 hadde sagt nei til å vere med på å skipe eit laug for tannleger, og at han hadde sett vilkår for å bli NS gruppeleiar. Han ba dei frammøtte representantane bli sitande til den ordinære generalfor-samlinga i oktober.

Etter Kramers innlegg var det fleire innlegg, men bortsett frå ein som støtta Buhs, var dei andre enige med Kramer. Når dei kom heim att ville dei òg legge ned sine tillitsverv.

Det blei tatt stenografisk referat frå møtet og Buhs gjekk med på sende referatet ut til alle medlemer, sidan NTFs

lover krov det. Etter at møtet var slutt gjekk heile forsamlinga, bortsett frå Buhs, ned til restaurant Skansen. Her blei dei enige om at når dei kom tilbake til sine lokalforeningar, skulle dei seie frå om at dei hadde lagt ned sine verv. Dei var òg enige om at det nå var tid for å melde seg ut av NTF, men det burde ikkje skje alle på ein gong, men individuelt for at det ikkje skulle se ut som om dei hadde blitt påverka til det.



Ragnar Swensen (1889–1961)  
1. visepresident 1935–37

Hovudstyret hadde nå lagt ned sine verv, og kunne ikkje påverke sine medlemmer i motstandsarbeidet. Men dei rakk å vedta å utnemne ei *illegal* leiing med Ragnar Swensen\*, Erling Sannes og generalsekretær Knut Gard. Andre foreningar som legeföreninga og sakførarforeninga hadde og sine illegale

kontaktar, og NTF knytta kontakt med dei. Alt sommaren 1940 hadde Knut Gard utnemnt lokale kontaktar, som kunne ta seg av pengeinnsamlingar og lokale hemmelege tillitsmenn. Den illegale leiinga, seinare kalla *interimstyret*, skifta personar fleire gonger, men Erling Sannes var med heile tida.

### Norges Tannlægeforbund blir stifta

Det nazistiske *Norges Tannlægeforbund* blei konstituert og kom med sitt første nummer av eit tidsskrift i september 1941. Det ser ikkje ut som redaktøren av boka som eg henter opplysningane frå, Arne Sollund, har hatt tilgang til noe arkiv etter denne foreninga, for han refererer bare til opplysningane han finn i tidsskriftet. Det er svært forvirrande og rotete å finne ut av den kronologiske rekkefylgja av hendingane, som at ekstsordinære representantskap og generalforsamling er ført opp på ein dato og seinare ordinære møter av dei same på same dato, generalforsamling på to datoar uten forklaring om årsak. Her skal eg prøve å få det så korrekt som råd.

Dette *forbundet* sleit med både å finne redaktør og stoff til tidsskriftet. Ein åttiårig pensjonist tok omsider på seg oppgåva, men sleit med å skaffe fagstoff.

I NTFs hovudstyreprotokoll er det limt inn eit referat frå eit hovudstyremøte den 5. juni 1942. Sidan hovudstyret og representantskapet la ned sine verv i møtet 28. juni 1941, måtte dette møtet vere i *forbundet*. På dette møtet blei det diskutert nye vedtekter for det stifta Norges Tannlægeforbund, som måtte endrest i høve til den nye politikken. Det blei så innkalla til representantskapsmøte 25. juni for å vedta eller endre deira framlegg. Til representantskapet var innkalla 25 tannlegar frå Oslo med Østlandet, Opplandet, Sørlandet, Vestlandet og det Trondheimske. Vedtektene blei igjen grundig drøfta og einstemmig vedtatt, og blei overlevert generalforsamlinga den 26. eller 27. juni 1942. (Begge datoar er brukt.) Det møtte 78 representantar og eit tjuetal fullmakter førelå. Det føreslåtte lovframlegget vart einstemmig vedtatt.

#### §1 i vedtektene

*Norges Tannlægeforbund (NTF) er den eneste av statsmyndighetene anerkjente faglige sammenslutning av i Norge autoriserte tannleger. Norges Tannlægeforbund er tannlegenes eneste representasjon som er berettiget til å føre forhandlinger og inngå avtaler med offentlige myndigheter, trygdekasser osv. angående ansettelse, forhandlingsavtaler m.v. ...*

Etter vedtektene skulle *forbundet* bli leidd av ein landsleiar, i samråd med eit sentralråd oppnemnt av landsleiarane... *Forbundet* skulle ha avdelingar tilsvarande lokalforeningane i NTF. Desse avdelingsleiarane skulle og utnemnest av landsleiarane...

[...] *Man kan vel si at ansvarsprinsippet må ha vært identisk med førerprinsippet....* skriv Arne Sollund. Dei tilsette i sekretariatet, frk. Sommerfelt og fru Bjerke, sa opp sine stillingar samtidig med Gard og *forbundet* tilsette nye.

### Buhs skriv i tidsskriftet om kva forbundet vil arbeide for

Her kjem eit utdrag:

- a. Best mulig utdannelse av tannleger
- b. Periodiske kurser (helst pliktmessige) for ferdige tannleger
- c. Sikring av tannlegenes sosiale, økonomiske interesser (selvtrygd), pensjonsordning, beskyttelse mot kvaksalveri osv. ...
- 3.[...] Å utbygge skoletannpleien til snarest å omfatte alle norske skolebarn
4. Å utvide skoletannpleien med småbarns- og ungdomstannpleie for hele landet

5. Å utbygge det profylaktiske arbeid ved skolefrokost, helsestasjoner og opplysning

6. Å innføre distriktstannlegeordningen

### Arne Sollund:

*Dette var utvilsomt et program som tannleger flest normalt gjerne ville sett gjennomført, men det var nå et overordnet hensyn, det nasjonale, som hindret dem i å delta i dette arbeidet på NS' premisser. Det var der skillelinjen gikk.*

### Quisling og NS tar over styringa

Den 1. februar 1942 overførte Terboven styringa av landet til Quisling og Nasjonal Samling etter samtykke frå Hitler. Men det var ikkje heilt korrekt, for Terboven greip inn når det var noe han var uenig i. Quisling fekk tittelen ministerpresident og leiarane av departemantene blei ministrar. Han gav seg sjølv rett til å vedta lover som tidlegare etter Grunnlova hadde vore oppgave for Konge og Storting. Den 26. mars 1942 blei det skriven ut tre lover som gjaldt leger og tannleger. Lova gav departemanget rett til å nekte å gje autorisasjon eller ta tilbake autorisasjon som var gitt til ... [...] *enhver som har gjort seg skyldig i utilbørlig forhold eller på annen måte har gjort seg uverdigg til den tillit som er påkrevd for å utøve yrke eller næring med offentlig tillatelse eller autorisasjon...* Før var det bare ein domstol som kunne ta ein autorisasjon tilbake. Tannlegene kunne heller ikkje starte i sitt yrke etter eige ønske. [...] *Den som tar tannlegeeksamen etter denne lovs ikrafttreden, kan ikke begynne selvstendig praksis som tannlege uten departementets godkjenning av bosted og praksisområde...*

### Lisensavgift for å få og ha autorisasjon

Tannlegeforbundet og andre liknande nazifiserte foreningar mista sine kontingentinntekter etter kvart som medlemmane melde seg ut. Såleis var kontingentinntekta første halvår 1940–41 kr. 26500,- og 2. halvår 1941–42 kr. 500,-. Med lov av 9. juli 1942 innførte Innenriksdepartementet 20. november 1942 denne forordninga:

*§ 1 Utøver av tannlegeryrket skal betale en årsavgift for tillatelsen til å praktisere som tannlege*

*§ 2 Avgiften betales forskuddsvis for hvert kalenderår innen utgangen av januar måned til Norges Tannlægeforbund...*

*§ 3 Tannleger som har fylt 65 år er fritatt for å betale avgift....*

*§ 4 For 1943 fastsettes avgiften til kr 100...*

*§ 5 Denne forordning trer i kraft 1. januar 1943.*

Det går fram av lova 9. juli 1942 at avgifta kunne inndrivest med utpanting. Det var pinleg for Tannlægeforbundet å innrømme at kontingentinntekta svikta, og med lisensavgift ville statens autoritet, tvangsmidler og inndrivning ved betalingsnekting bli tatt i bruk.

På dette tidspunktet var dei illegale styrene i dei ymse organisasjonane i full drift. I NTF var det på dette tidspunktet Gunnar Frederiksen<sup>1</sup>, Sivert Bryhn-Ingebrigtsen<sup>2</sup> og Erling Sannes. Leif Holden<sup>3</sup> gjekk inn seinare sidan Gunnar



Leif Holden født 1901, president 1951–53, Formann spesialistkomiteen 1950–72

Frederiksen blei innkalla til teneste i Sverige. Motstanden retta seg på dette tidspunktet fremst mot NS [...] *og partiets forsøk på å etablere seg som et «statsbærende parti.»* Man måtte hindre at Quislings styre skulle fremstå som akseptert og representativt for det norske folk. Derfor måtte det gjøres motstand på alle felter og av alle grupper, nesten uansett hva det gjaldt. Pålegget om å betale lisensavgift ble en prøve på hvor yrkesgruppene

*plasserte seg i bildet, på kvaliteteten i deres motstandsvilje.*

Det innebar liten risiko å melde seg ut av NTF i 1941. Men å motsette seg staten ved Quislings styre var noe heilt anna. Du måtte rekne med å miste autorisasjonen, bli fengsla og sendt til Grini og i verste fall til tysk konsentrasjonsleir med utsikt til å miste livet der. På dette tidspunktet hadde [...] *tyskerne tatt fløyelshanskene av. I 1940 hadde det vært en henrettelse, i 1941 34, i 1942 105, i 1943 ble det 76. Ved årsskiftet 1942–43 var det 10 000 politiske fanger.*

### Det illegale styret/ interimstyret møttest raskt

Då kravet om lisensbetaling kom, samla det illegale styret seg for å drøfte kva for råd dei skulle gi tannlegene ut over i landet. I juniheftet 1945 fortel interimstyret i sin rapport at dei samrødde seg med den illegale leiinga i legeföreninga. Dei vedtok å gå ut med parole om å nekte betaling. Slik lydde parolen:

1 Gunnar Frederiksen (1905–1980) major

2 Sivert Bryhn-Ingebrigtsen (1897–1979)

3 Leif Holden f. 1901 medlem hovudstyret 51–57, president 53–55, NTF's heidersteikn i gull

#### Ad avgiften til Tannlægeforbundet

*Vi tannleger kan ikke gå med på å betale en årlig avgift for å opnå den rett til å praktisere som vi en gang for alle er oss meddelt og som bare kan berøves etter tannlegelovens bestemmelser. Vi føler ingen plikt til å betale en særskatt som ikke går til staten men til en oss helt uvedkommende forening, som arbeider direkte i strid med våre interesser og idealer... [...] Tannlægeforbundet akter nå å oversende fordringene til inkasso og deretter til utpanting. Ingen må betale. Pantingen må av den enkelte tannlege i hvert tilfelle innen 3 måneder påklages til namsretten...*

*Man må anta at tannlegene etter dette med stor sinnsro unnlot å betale... [...] Dei rekna med å kunna dra ut saka ganske lenge.*

#### Men så lettvent skulle det ikkje gå

Den 17. august var det møte i Sentralrådet i forbundet. Buhs hadde fått eit stipendium og var i Tyskland og møtet blei leidd av varamann Leif Schjøren.<sup>\*4</sup> [...] *Vi fryktet for at dette kunne bli en katastrofe for vår stand. Schjøren hadde nemlig lenge vært kjent som en av de verste og brutaleste nazister i landet... Då lisensavgifta skulle diskuteres står det i referatet... [...] Tannlegene saboterer denne fremdeles. Det ble besluttet enstemmig å forelegge saken for høyeste instans til avgjørelse, idet utpanting ville bli en sak som kunne strekke seg over år.*

Det illegale styret hadde ein «jøsning»-kontakt på forbundskontoret som var til stor hjelp når aksjonar blei planlagt og i dette tilfellet fekk dei greie på at det ville kome drastiske tiltak for å bryte motstanden. Det blei truga med at [...] *den som ikke betalte risikerte formuesinndraging og tiltale for statsfiendtlig handling. Det siste kunne være dødsens alvorlig.*

Det som hende var at det blei sendt ut betalingsvarsel med veldig kort frist, ei veke, og på ulike datoar i distrikterne. Den illegale leiinga kom saman så fort det let seg gjera. Kva skulle dei nå rå tannlegane til å gjera?

#### Det går fram av etterkrigsrapporten

Det var Bryhn- Ingebrigtsen, Holden og Sannes som på det tidspunktet utgjorde den illegale leiinga i NTF. Dei tenkte først at dei ville sende ut parole om ikkje å betale, men kom til at dei først ville rådføre seg med Heimefrontens leiing på

landsbasis, truleg K.K. Men det var ein organisasjon der medlemane hadde eit sivil yrke å passe, og det drog ut med å få svar. I mellomtida kimte telefonen heile dagen frå heile landet til kontorene deira, for å få råd om kva dei skulle gjere. Dei skriv i denne rapporten at det var eit under dei ikkje blei avslørt og arresterte.

Det viste seg at Heimefronten ønskte at tannlegene skulle ta kampen opp og nekte å betale. På dette tidspunktet hadde fleire tannleger alt betalt, og under sterk tvil gjekk dei inn for at alle skulle betale, men at det var ei eingongsbetaling og at neste år-1944, skulle dei ta opp kampen og nekte. Då måtte ingen betale. I ettertid skreiv dei denne kommentaren... [...] *vi har ikke siden et øyeblikk vært i tvil om vi valgte det riktige.*

Det som hende var at nå tok pengane til å strøyme inn til forbundet. I november gjekk det inn omkring kr 55 000 og i desember omkring kr 84 000. Det gjekk òg inn noe på nyåret 1944, men det var for 1943. Men det blei ikkje betalt noe for 1944 som parolen gjekk ut på. Men *forbundet* gjekk ikkje vidare denne gongen for å få inn denne avgifta. Om det var krigens gang som var årsaka eller anna er uvisst. Men det som er sikkert er at i januar 1945 fekk forbundet overført kr 50 000 frå Innenriksdepartementet merka lisensavgift. Det illegale styret kunne såleis gå ærerikt ut av konflikten.

#### Andre oppgåver for interimstyret/det illegale styret

Hausten 1943 blei dette styret forsterka med å ta inn Carl Wahr-Hansen<sup>\*5</sup> og Jens Wærhaug.<sup>\*6</sup> Det var fleire tannleger som blei arresterte òg då offiserane i 1943 blei sendt som krigsfangar til Tyskland, var det 18 tannleger mellom dei. Dette styret organiserte pengeinnsamling til desse og deira pårørande, som blei ståande att uten inntekter. [...] *Disse innsamlingsaksjonene viste stor giverglede mellom kollegene...*

Interimstyret sytte òg for at tannleger tok seg til både Sverige og Storbritannia for å gjere teneste i dei norske styrkane der.

*Våren 1945 begynte den illegale ledelse å forberede seg på overta NTF's kontorer og sikre seg at arkivet ikke ble ødelagt. Denne overdragelsen fant sted i god orden den 8. mai 1945...*

4 Leif Schjøren var året 1940–41 medlem av Kristiansand tannlægeforening. Då hjelpte han med å få overført gull frå Kristiansand Nikkelverk, som fekk litt edelmetaller som biprodukt, til tannlegene. Det står elles ingen ting om hans politiske syn i styreprotokollen

5 Carl Wahr-Hansen (1893-1974)

6 Jens Wærhaug (1907-1980)



Interimstyret ved frigjeringa i 1945. Frå venstre Carl Wahr-Hansen, Jens Wærhaug, Erling Sannes, Leif Holden, Sivert Bryhn-Ingebrigtsen

#### Kjelder:

DEN NORSKE TANNLEGEFOPRENING GJENNOM 100 ÅR  
1884–1984, UTGITT AV NTF 1984. Forfattar Arne Sollund  
NORGES TANNLEGER 1984, UTGITT AV NTF 1984. Redaktør  
Kari Ottesen  
NORGES TANNLEGER 1998, UTGITT AV NTF 1998. Redaktør  
Turid Album Alstad

#### Litteratur:

NORGE I KRIG, bind 1–8, forlag Aschehoug utgitt 1984–  
1987. Hovudredaktør: Magne Skodvin  
HIMMLERS NORGE. Nordmenn i det storgermanske  
prosjekt. ASCHEHOUG forlag, utgitt 2012. Forfattarar  
Terje Emberland og Matthew Kott  
HITLERS NORGE. Okkupasjonsmakten 1940–1945. Cappel-  
len Damm forlag, utgitt 2016. Forfattar Berit Nøkleby  
JENS CHR, HAUGE. Fullt og helt. Aschehoug forlag, utgitt  
2008. Forfattar OlavNjølstad



**Dentalstøp**

Import

Kvalitet til lavpris

@ import@dentalstoep.no

☎ 55 59 81 70

🌐 dentalstoep-import.no

- ➔ Vi framstiller og trimmer alle modeller i Norge
- ➔ Ansvar for det tann-tekniske produktet ligger hos oss
- ➔ All kontakt foregår på norsk, med oss i Norge
- ➔ 5 års garanti på fast protetikk, og 3 år på avtagbar
- ➔ Vi henter og sender arbeid daglig med Postnord, til hele landet. For å bestille opphenting, ring oss på 55 59 81 70, så ordner vi resten for dere

**Vi tar også imot digitale avtrykk fra alle kjente system**